



Helse Fonna HF  
v/Vidar Støyva Enhetsleder Eiendom,  
Internservice Område  
Postboks 2170  
5504 HAUGESUND

Dato: 08.09.2014  
Vår ref.: 2014/699-52  
Saksbehandlar: gurklyv  
Dykkar ref.:

## **Førespurnad om sletting av tinglyst hefte på gnr 185 bnr 221 og bnr 222 på Valen i Kvinnherad kommune.**

På eigedomen Valen og Handeland gard i Kvinnherad kommune vart det i 2004 tinglyst fleire avtalar med Helse Fonna HF som rettshavar.

Ein av desse avtalane er ein leigekontrakt mellom Hordaland fylkeskommune og Helse Fonna HF Valen sjukehus som gjeld rett til leige av Ingeniørhytta og Speidarhytta i Valedalen, hytte i Olderbotn i Valelia, Handelandshytta og Svartatjødn Brakke. Leigekontrakten vart tinglyst på gnr. 185 bnr. 2 den 14.06.2004 med dokumentnr. 5915.

Frå gnr. 185 bnr. 2 er det no frådelt ein nausteigedom på 173,3 m2 og eit beiteareal på 6.557 m2. Desse frådelingane har skjedd i samsvar med ein avtale om makeskifte av eigedomar frå 2013 mellom Hordaland fylkeskommune og Rune Thorkildsen. Nausteigedomen utgjer gnr. 185 bnr. 221 og beitearealet utgjer gnr. 185 bnr. 222. Begge areala ligg ved sjøen i Valevågen på Valen og dei er markert med gult på vedlagte kart.

Vedlegg 1: Kart av 27.08.2014 over Valevågen på Valen

Ved frådelingar frå eit hovudbruk (her gnr. 185 bnr. 2) vil tinglyste pengehefte automatisk verte registrert også på dei nyoppretta eigedomane.

Vedlegg 2: Kopi av leigekontrakt tinglyst den 14.06.2004 med dokumentnr. 5915

Vedlegg 3: Kopi av grunnboksutskrift for gnr. 185 bnr. 221

Vedlegg 4: Kopi av grunnboksutskrift for gnr. 185 bnr. 222

Då ingen av dei hyttene som er omfatta av leigekontrakten ligg ved sjøen og leigeretten såleis ikkje har nokon relevans for nausteigedomen og beitearealet i Valevågen, ber vi om at leigekontrakten frå 2004 vert sletta for gnr. 185 bnr. 221 og gnr. 185 bnr. 222. Denne slettinga vil ikkje føre til nokon endring i Helse Fonna HF sine rettar, og den tinglyste leigekontrakten vil fortsatt gjelde for gnr. 185 bnr. 2.

Vedlagt følgjer erklæring om sletting. Vi ber om at erklæringa vert signert og returnert til oss. Vi vil så sende erklæringa til Statens kartverk, Tinglysing.

Vedlegg 5: Erklæring om sletting

Hordaland fylkeskommune står i dag som eigar av gnr. 185 bnr. 221. Når vi har fått sletta dei overførte/tinglyste pengehefta på gnr. 185 bnr. 222, vil eigedomen verte overført til Rune Thorkildsen. Dette

vil verte gjort i samarbeid med Hordaland fylkeskommune og Kjetil Emmerhoff, som er ny eigar av Valen og Handeland gard.

Eventuelle spørsmål kan rettast til Guro Klyve på tlf. 55 23 95 13 eller e-post [guro.klyve@hfk.no](mailto:guro.klyve@hfk.no).

Helge Haavardtun  
eigedomssjef

Guro Klyve  
stabsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

1 Vedlegg 1-5